



Rauland Historielag

Adresse: 3864 RAULAND
Bankgiro: 2620.27.18204
Org.nr 988 712 426
E-post: mail@raulandhistorielag.no

Årsmelding 2015

Styret har hatt fylgjande samansetting dette året:

Leiar	Birger Kjellingveit
Nestleiar	Gunn Gardsjord
Skriver	Asbjørn Gardsjord
Kasserar	Øyvind Solbakken
Bokansvarleg	Solveig Loftsgarden
Styremedlem	Margit Lognvik
Varamedlemmer	Birgit Landsverk Tone Haugen Lognvik
Valnemnd	Anne Tvitekkja Torunn Dagalid Kari Hallsten
Revisorar	Torill Nicolaisen Sigrid Nykos

Arbeid i laget.

Arbeidet i laget går som før, svært godt. Styremøta er trivlege med mange gode og konstruktive tiltak, og ikkje minst, god mat. Faren for overvekt er så avgjort framleis til stades.

Siste året har styret hatt 8 møte og eit medlemsmøte. Medlemstalet er nokså stabilt, det ligg på rundt 150 medlemmer.

Medlemsmøte.

Det blei eit medlemsmøte dette året, og dette blei slått saman med Kulturminnedagen. Det er Noregs Kulturvernforbund som står bak Kulturminnedagen som laget har arrangert i fleire år. Denne gongen var temaet nabolag med den historia det femner om, så som menneske, aktivitetar og fysiske kulutrminne. Laget valde busetjninga på Møsstrond, og det var Olav Nystog som fortalde og synte bilete. Dagen var den 27. nov.

Falkeriset og Krontveit bustadfelt.

Laget arbeider framleis med å få på plass opplysningstavler. Nokre personar i styret har tatt på seg oppgåva, og ein vonar dette er på plass til sommaren 2016. Det blei eit lite problem på Falkerist. Her må me plassere opplysningstavla på granneeigedommen like før ein kjem opp.

I bustadfeltet på Krontveit finst det minst tre gravhaugar, den siste fann ein sist sommar. Rundt den gamle buplassen på Rinde er det rydda for vegetasjon, likeins rundt dei to gravhaugane like i nærleiken. Den tredje gravhaugen ligg meir ned mot jordet på Krontveit.

Kunstverka i Raulandshuset.

Laget har fått reparert mykje av den gamle kunsten i Raulandshuset. Det står att å namnsetje denne og få hengt han opp. Arbeidet er i gang, i lag med vaktmeister, og ein vonar dette blir avslutta no på ettervinteren.

Støtte til tur.

9. kl. har som tidlegare år fått støtte på kr 5 000,- til studieturen til konsentrasjonsleiren Auzwitch i Polen.

Turprogram.

Turen gjekk til Horten 4. juni med programforslag av Borre Historielag. Det var omvising på Forsvarsmuseet, Preus fotomuseum og Borrehaugane. Turen var veldig fin, men det blei litt for mykje organisert aktivitet.

Olsokdagen 29. juli.

Olsokkvelden gjekk som vanleg. Det møtte godt med folk, langt over 100 til vandringa på kyrkjegarden, og likeins full kyrkje til messa og kyrkjekaffien. Det er sjeldan vanskeleg å få slekt til å fortelje om forfedrane sine. Dette er tydeleg noko som folk set pris på. Arrangementet er som vanleg eit samarbeid med Rauland Sokneråd der laget står for det som skjer på kyrkjegarden, medan soknerådet syter for både den åndelege og materielle føda. Desse gravene stoppa ein ved i 2015.

Grav	Gravplass	Forteljar
Bergit Troen, d. 1942	?	Otto Tveiti
Tone Fonnlid	A.2.2	Sigrid Fonnlid d, y,
Olav Bitustøyl d.e.	A.5.13	Kjell Bitustøyl
Torbjørge Brårmo	A.3.8	Hilda Tjønn
Åsmund Brårmo	A.3.8	Hilda Tjønn
Knut Haugen (Arabygdi), d. 1926	E.6.1	Gro H. Strand

Årsskrift 2015.

Dette året blei det Øystein Kostveit som sytte for at laget kunne gje ut eit årsskrift. Han meinte at kunstnaren Tor Vaa fortente ein biografi, som dei fleste andre kunstnarane i Rauland. Øystein skreiv boka, med litt hjelp av andre, og laget kosta trykkinga. Ein kallar framleis bokutgjevingar i laget for årsskrift, men det er ikkje det lenger. Bøkene, som laget har gjort ut i fleire år, er bøker med tema innan lokalhistorie, kunst og kultur. Det viktige her er å ta vare på historia før ho blir borte, likeins gjere denne tilgjengeleg for folk som er interesserte. Då blir det ikkje så avgjerande kva det heiter. Årsskrift for 2016 er i gang, og det blir eit skrift med fleire tema.

Lokalhistorisk arkiv.

Det blir ei endring som nemnt i årsmeldinga for 2014, men kanskje ikkje så omfattande som tidlegare tenkt. Ei eventuell flytting vekk frå Raulandsakademiet er sette på vent. Men det er ikkje budsjettert midlar for å halde arkivet ope ut resten av 2016. Laget går difor inn på dugnad for å halde Lokalhistorisk arkiv ope ut året. Planen er så å få inn att kommunale midlar til vanleg drift frå 2017.

Minnetavle etter drukningsulykka i Podden 1921.

Laget har arbeidd ein del med teksta til ei minneplate over dei som drukna i Podden 30. okt. 1921, likeins dei som var med å berga ungdommane som kom greitt frå denne tragiske hendinga.

Laget har søkt i aviser frå denne tid og undersøkt brevsamlingar, men finn ikkje noko meir enn det som står om hendinga i årsskrift 1997 frå Rauland Historielag. Kan hende er dette nok, og at ein skal ta utgangspunkt i det.

Boksalet i 2014.

Boksalet går brukeleg. Det er også spurnad på nettet om årsskrift frå folk som kjem langveges frå. Dei siste årsskrifta våre har nok ikkje gjeve det heilt store overskottet, men i lag med sal av eldre årsskrift, er økonomien god. Fleire av årsskrifta er utselde, men me sit att med eit lite restlager som me ikkje slepper frå oss heilt godvillig.

Laget på nettet.

I fleire år har laget hatt ei heimeside på nettet, og har det for så vidt framleis. Men ho blir i dag ikkje oppdatert.

Slik kan det ikkje vere. Skal ein ha ei heimeside, må denne til ei kvar tid vere oppdatert.

Laget har difor tatt kontakt med eit profesjonelt firma som byggjer opp heimesider og likeins også kan vere med på å halde ho oppdatert.

I dag er dette svært viktig for å nå ut til interesserte medspelarar. Veldig mykje av informasjonen blir lagt her og såleis gjort tilgjengeleg for ei stor masse. Mange av spørsmåla etter bøker kjem m.a. på grunn av det dei finn i den gamle utgatte heimesida.

Det kostar sjølvsagt ein del å få oppretta ei heimeside (webhotell) av profesjonelle folk, men då veit ein at ho til ei kvar tid kan vere oppdatert. Dette siste kan medlemmer av styret også lett gjere sjølve, ein treng berre litt opplæring.

Økonomien i laget

Økonomien i laget er god. Sal av bøker har gjett oss eit brukbart overskott, og så har me ikkje vore så rause med gåver i dette året.

Det å ha god økonomisk ryggrad er godt. Då kan ein gå i gang med prosjekt som truleg ikkje gjev som god økonomisk utteljing, men som likevel er viktige for bygdesamfunnet. Laget bed difor om tankar og idear til prosjekt ein bør ta tak i framover.

Takk for året som gjekk

Som leiar vil eg takke for eit godt år i laget, alle styremedlemmene, medlemmene i laget, folk generelt i Rauland og Vinje kommune v/kultureininga. Likeins vil eg og takke Øystein Kostveit for arbeidet med boka/årsskriftet *Tor Vaa*. Det er alltid hjelp og god velvilje å få. Det er svært sjeldan medlemmer i styret eller redaksjonskomitèen får negativt svar på bøn om bistand. Slik blir det trivelegt å arbeide i laget, og det gjev ei god kjensle av at mange set pris på det arbeidet me gjer bygdemiljøet.

Takk for året som gjekk.

Birger Kjellingtveit.